



Informasjonssaker fredag 18.02.2022

Innhald

1.	Innleiing	1
2.	PCR-testtilbod og fastlegens plikter til å følgje opp smittevernlova	2
	PCR-test og barns rettar	2
	Fastlegens plikter jf. smittevernlova	2
3.	Smittevern ved utbrot på kommunal helse- og omsorgsinstitusjon.....	2
4.	Endringar i vekerapportering	3
5.	Vaksinasjon – samarbeid med verksemder og bedriftshelseteneste	3
6.	Hurtigtestar	3
	Sjølvtestar.....	3
	Hurtigtestar til profesjonelt bruk (profftestar)	4
7.	Brev frå Hdir om meldeplikt	4
8.	Informasjonsbrev nr. 44 om koronavaksinasjonsprogrammet	4
9.	Ønskje om innspel om erfaringar med innreisetiltak.....	4

1. Innleiing

Vi har fått fleire spørsmål om kva TISK-beredskap kommunane bør ha framover, særleg knytt til tilbod om PCR-testing. Vi har òg fått spørsmål og innspel til vekerapporteringa, og til retningslinjer for tiltak ved smitte i helse- og omsorgsinstitusjonar i situasjonen vi no er i. Vi har dei to siste vekene sendt inn fleire spørsmål til Helsedirektoratet som vi framleis ventar svar på.

Helsedirektoratet orienterte i møte med m.a. statsforvaltarane onsdag denne veka om at det blir jobba med avklaringar. Inntil vidare er det informasjonen på Hdir sine sider som gjeld.

Vi har samla det vi har av informasjon per no i dette skrivet.

Kommunemøta

Vi er i no i ein fase av pandemien der vi ikkje ser at det er behov for like hyppige kommunemøte, som vi har hatt. Vi er opne for innspel og synspunkt om det, og oppmodar om å gi oss ei tilbakemelding på e-post til beredskapsadressa vår (sfvberedskap@statsforvalteren.no).

Det er vinterferie dei to komande vekene. Vi tenker som eit utgangspunkt difor å ikkje gjennomføre kommunemøte, med mindre det oppstår behov for det.



2. PCR-testtilbod og fastlegens plikter til å følge opp smittevernlova

Som omtalt i innleiinga, er det fleire tema som blir drøfta hjå sentrale myndigheter. Vi tek med informasjon frå Helsedirektoratets referat frå fast møte med m.a. statsforvaltarane, der dei òg omtalar vidare oppfølging.

PCR-test og barns rettar

«Det har kommet spørsmål om barns rettigheter til å få utført PCR-test i kommunal regi for å få koronasertifikat for å kunne reise på ferie. I utgangspunktet, slik det ble orientert om på møtet sist uke, så er ikke kommunene forpliktet til å gjennomføre PCR-tester for å bekrefte at innbyggere ikke er smittet. Det vil imidlertid vurderes om det skal gjøres uttak for barn. Helsedirektoratet vil komme tilbake til saken».

Fastlegens plikter jf. smittevernlova

«Det har kommet spørsmål om fastlegens forpliktelser knyttet til å følge opp smittevernloven, jf. informasjons- og veiledningsplikt. Sett i lys av situasjon i pandemien per nå, anser Helsedirektoratet at fastlegens forpliktelser begrenser seg til å informere og veilede pasienter som særskilt tar kontakt og ber om hjelp. Informasjon og veiledningen som gis generelt til befolkningen via nettsider og media, anses som tilstrekkelig for å dekke informasjons- og veiledningsplikten i smittevernloven. Helsedirektoratet vil sende ut et eget brev som tydeliggjør dette».

3. Smittevern ved utbrot på kommunal helse- og omsorgsinstitusjon

FHI har oppdatert retningslinjer og råd på nettsidene sine:

- Kommunale helse- og omsorgsinstitusjoner – tiltak ved utbrudd av covid-19
<https://www.fhi.no/nettpub/coronavirus/helsepersonell/utbrudd-i-kommunale-helse-og-omsorgsinstitusjoner/?term=&h=1>
- Råd til kommunale helse- og omsorgsinstitusjoner (forsterka smitteverntiltak):
<https://www.fhi.no/nettpub/coronavirus/helsepersonell/kommunale-helse-og-omsorgsinstitusjoner/#forsterkede-smitteverntiltak-ved-oekt-smitterisiko>
- FHIs tilrådingar om personleg verneutstyr for helsepersonell:
<https://www.fhi.no/nettpub/coronavirus/helsepersonell/personlig-beskyttelsesutstyr/>

Vi har notert nokre punkt frå dialogen vi hadde med smittevernvakta hjå FHI i samband med smittetilfelle på ein kommunal helse- og omsorgsinstitusjon nyleg:

- FHI oppmodar om å vere observant både på typiske og atypiske symptom.
- Det er lurt å følgje tilrådingane så langt det let seg gjere.
- Ta gjerne kontakt med FHI (smittevernvakta) ved behov, og t.d. for å drøfte justeringar i testregime dersom utbrot utviklar seg.



4. Endringar i vekerapportering

Helsedirektoratet har orientert om at det er på veg/kjem fleire endringar i vekerapporteringa. Det vil m.a. ikkje lenger vere nødvendig å rapportere på vaksinering og trafikklysmodellen.

Det blir jobba vidare med å sjå på andre moglege endringar, for å tilpasse vekerapporteringa til behov og nytte.

5. Vaksinasjon – samarbeid med verksemder og bedriftshelseteneste

Vi viser til tidlegare møte, seinast 1. februar, om tilrettelegging for vaksinasjon utanfor ordinære vaksinasjonsstadar og -riggar («pop up-vaksinasjon på kjøpesenter, arbeidsplassar m.v.»).

NHO Vestland har hatt kontakt med bransjeforeininga Sjømat Norge. På bakgrunn av det har NHO sendt oss eit oversyn over fiskeforedlingsverksemder som kan vere aktuelle for eit samarbeid om vaksinering på arbeidsplassen. Dette er primært slakteri med innleidd personell, eller tilsette på engasjement, med bakgrunn frå andre land enn Noreg.

Vi legg ved oversikta ved utsending av dette informasjonsskrivet og oppmodar kommunane om å vurdere å etablere eit samarbeid med verksemdene om vaksinasjon.

6. Hurtigtestar

Sjølvtestar

Tilgangen til sjølvtestar er god og Helsedirektoratet mottek stadig fleire sjølvtestar. Som utgangspunkt har det fram til no blitt fordelt sjølvtestar tilsvarande éin test per innbyggjar i kommunane, med leveranse kvar veke. Det tar no til å bli fulle lager i mange kommunar og utsending av éin test per innbyggjar ikkje er like aktuelt. Helsedirektoratet har difor tenkt nytt i fordelingane av hurtigtestar framover.

Uvisse om korleis pandemien vil utvikle seg, og behovet for å sikre tilgang på testar for å kunne møte ei ny smittebølge, krev beredskapstiltak. Det må lagast beredskapsplanar òg for lagring og distribusjon av hurtigtestar. Helsedirektoratet jobbar no med ei nasjonal løysning for korleis dei testar som overstig behovet skal lagrast når vi no går over i ein beredskapsituasjon.

Med utgangpunkt i kommunane sin innrapportert lagerstatus for hurtigtestar, **sender Helsedirektoratet i veke 8 ut sjølvtestar for å oppnå 200 % grunndekning i alle kommunane**, det vil seie at kommunane skal oppnå eit lager på 2 sjølvtestar per innbyggjar. Kommunane vil difor ikkje motta éin sjølvtest per innbyggjar i veke 8.



Statsforvaltaren i Vestland

For veke 9 blir det i utgangspunktet ikkje sendt ut sjølvtestar til kommunane. Om det er kommunar som likevel ønskjer sjølvtestar i veke 9, kan dei melde det til oss på sfvlberedskap@statsforvaltaren.no innan tysdag 22. februar, kl. 12.00. Då vil vi sjå på ei eventuell omfordeling eller sende ei bestilling til Helsedirektoratet.

Helsedirektoratet presiserer at ei god forvaltning av dei testane som er distribuert til kommunane - i tråd med nasjonale avgjersler om testing - er framleis viktig. Moglegheita for at kommunar som har mykje testar kan dele med nabokommunar er òg viktig her.

[Hurtigtestar til profesjonelt bruk \(profftestar\)](#)

Det var få kommunar som meldte inn at dei ønskjer å få tilsendt profftestar. Desse kommunane får tilsendt profftestar i veke 8, saman med leveransen av sjølvtestar.

Helsedirektoratet har framleis eit restlager for profftestar, så om det er kommunar som ønskjer det kan dei melde frå oss.

[7. Brev frå Hdir om meldeplikt](#)

Helsedirektoratet sendte torsdag denne veka ut brev med informasjon om at FHI har teke avgjerd om å avslutte meldeplikt om covid-19 frå lege til kommuneoverlege der den smitta bur. I praksis inneber dette at laboratoria ikkje lenger treng å sende lister/oversikt over alle positive prøvar til kommuneoverlegen, med unntak for prøvar der denne står som rekvisit. Endringa gjeld frå 17. februar. Vi viser til brevet for utfyllande informasjon (vi sendte til kommuneoverlegane og postmottak same dag).

[8. Informasjonsbrev nr. 44 om koronavaksinasjonsprogrammet](#)

Vi viser til nytt informasjonsbrev nr. 44 som kom onsdag denne veka. Her finn de m.a. lenker til rettleiing om bruk av Nuvaxovid, harmonisering av nasjonale reglar med EU-reglar for gyldigheit av koronasertifikat, og moglegheit for kommuneoverlegen å få tilgang til gjesteinnbyggarlister til bruk i vaksinasjonsstrategien mot covid-19 (der innbyggaren sin bustadkommune og fastlegekommune ikkje er den same).

[9. Ønskje om innspel om erfaringar med innreisetiltak](#)

Vi fekk i dag tidleg ein e-post frå Helsedirektoratet, med ei orientering om at dei arbeider med forslag til innreisetiltak knytt til dei ulike scenarioa i det som skal verte den nye strategien mot Covid-19. Hdir seier at det er lite systematisk kunnskap om nytten av dei innreisetiltaka som har vore prøvd i dei ulike fasane av pandemien. Direktoratet ønskjer difor å få innspel frå kommunane og statsforvaltarane om erfaringar.

Vi oppmodar difor kommunane om å dele erfaringar og synspunkt. I så fall er det veldig fint å kunne få dei før **onsdag 23. februar kl. 12.00**.



Statsforvaltaren i Vestland

Hdir seier at det i alle fall er fint å høyre:

- Kva erfaringar kommunen har med oppfølging av reisande etter at dei kom til kommunen, m.a.:
 - Korleis har det fungert med test innan 24 timer etter innreise?
 - Kva nytte har kommunen hatt av Kontrollsenteret?
 - Kva nytte har kommunen hatt av Innreiseregistreringssystemet?
 - Kva nytte har kommunen hatt av samarbeid med Arbeidstilsynet og deira godkjenningsordning for karantenestadar?
- Kva inntrykk har kommunen av effekten av tiltaka på grensa?
 - I kva grad har dei hindra smitten i å kome inn i kommunen?
 - Har karantenehotellordning betydd noko for kommunen?
- Andre erfaringar med innreisetiltaka?